

## Møtereferat

Dato: 22.06.2016

Emne:	<b>Møte i styringsgruppa Campus Bergen - referat frå møtet 17.06.2016</b>	
Til stades:	Anne Gine Hestetun, Britt Karen Spjeld, Vibeke Johannesen, Rune K. Titlestad, Pia Mørk Andreassen, Pål Hafstad Thorsen, Helge Johnsen, Odd Bjarne Berdal, Torhild Næss Vedeler, Anita Lyssand, Nina Grieg Viig, Rasmus Laupsa Rasmussen	
Forfall:	Birthe Andersen Haugen, Linn Kristin Langley-Rasmussen Engø, Frode Karlsen, Ole Gunnar Søgner, Knut Songve	Sak: 2016/299-10
Møtetid:	17. juni 2016	Møtestad: Brann Stadion

**Møteleiar: Anne Gine Hestetun**  
**Referent: Odd Bjarne Berdal**

### *Referat frå førre møte:*

Kommentar: Rune Soltvedt var ikkje med på møtet. Referatet godkjent med kommentar

### 1.1 Konstituering av styringsgruppe

Vedtak:

Følgjande styringsgruppe for «Campus Bergen» vart konstituert:

<b>Kven</b>	<b>Organisasjon</b>
Ane Gine Hestetun (Leiar)	Hordaland fylkeskommune
Pål Hafstad Thorsen	Bergen kommune
Helge Johnsen	Hordaland Idrettskrets
Anita Lyssand	Haukeland Universitetssjukehus
Ole Gunnar Søgner	Høgskolen i Bergen

### 1.2 Status i prosessar som påverkar arbeidet v/ dei ulike aktørane

M.a. skulebruksplan i fylket og kommune, høgskule og universitetsreform, Helse Bergen strategiprosess 2030, regionsreform, Idrettsplan i Bergen og HIK sin handlingsprogram 2016-2018.

Kommentarar:

- Det er starta konkrete samtaler mellom Hordaland, Sogn og Fjordane og Rogaland om ein felles vestlandsregion
- Det er gjort felles vedtak i dei tre høgskulestyra på vestlandet (Bergen, Sogn og Fjordane, Stord/Haugesund) om fusjonering til ein skule frå 01.01.2017. Den nye skulen vil truleg heite Høgskulen på Vestlandet. Samanslåinga ventar på godkjenning i Statsråd.
- Olympiatoppen region vest arbeider med Sogn og Fjordane
- «Energisenteret» har fått offisielt namn; Energisenter for barn og unge
- Haukeland Unviversitetssjukehus peikar på at det i den vidare prosessen er trong for ei grenseoppgang når det gjeld aktivitet mellom dei to planlagde campusane dei er involvert i; Campus Bergen og Helsecampus Årstadvoll.
- Bergen kommune sin skulebruksplan og barnehageplan er nettopp vedteke. Idrettsplan kjem til handsaming i haust. Ei administrativ gruppe arbeider med byarena.
- Hordaland fylkeskommune sin skulebruksplan er ute på høyring med høyringsfriast 01. juli.

Vedtak: Teke til orientering

### 1.3 Resultat frå moglegheitsstudie Brann stadion v/ Vibeke Johannessen, SK Brann

Vedlagte presentasjon vart gjennomgått (vedlegg 1)

Vedtak: Teke til orientering

### 1.4 Campus-modellar frå andre delar av landet v/ Pia Mørk Andreassen

Vedlagte presentasjon vart gjennomgått (vedlegg 2)

Vedtak: Teke til orientering

### 1.5 Forslag til namn, visjon, verdiar og innhald i Campus Bergen (vedlegg3)

Arbeidsgruppa har utarbeidd eit forslag til namn, «visjon», kartlagt verdiar hjå dei ulike aktørane, og konkretisert mogleg fagleg innhald i campusen i eit forsøk på å tydeleggjere omgrep og lage eit bilde av kva campusen kan bli. Dokumentet vert presentert som eit felles forslag med grunnlag i den tid som har vore tid disposisjon, og såleis er det er eit «prosessdokument» som må arbeidast vidare med. I arbeidsgruppa er det ulike meiningar om bruk av ulike omgrep. Dokumentet skal vere bestillingsgrunnlag for eit felles moglegheitsstudie og nyttast til å involvere/ informere internt og eksternt.

Vedtak:

1. Ein går vidare med følgjande arbeidstittel: «Idrettscampus Bergen. Kompetansedeling og samspel for idrett og fysisk aktivitet». Visjon og namn er det ikkje naturleg å lande i denne fasen av prosjektet.
2. Dokumentet utarbeidd av arbeidsgruppa skal ha følgjande endringar/tillegg
  - a. Det skal lagast ei innleiing som klargjer målgruppene for Campus Bergen samarbeidet
  - b. Det skal lagast eit avsnitt med arbeidstittelen «Folkehelse 0-100»
  - c. Det skal lagast eit avsnitt med arbeidstittelen «Antidoping arbeid»
  - d. Under avsnitt Forsking og utvikling skal 2. setning få tillagt: «..samt kroppsøvingsfaget i skulen» og «Kvalitet i data og analysar er avgjerande for å utarbeide gode behovsvurderingar lokalt og regionalt for optimal anleggsbruk og utvikling i forhold til tilgjengelige ressursar».
3. Dokumentet utarbeidd av arbeidsgruppa skal med endringar danne grunnlag for utgreiing/moglegheitsstudiet av moglege organisatoriske modellar av «Campus Bergen»

#### 1.6 Utvikling av felles avgjerdsgrunnlag

Arbeidsgruppa foreslår å engasjere eksterne konsulentar for å utarbeide eit felles moglegheitsstudie for Campus Bergen. Hordaland fylkeskommune kan bidra med kr 100.000 , Høgskolen i Bergen har stadfesta at dei kan bidra med kr 50.000. Bergen kommune kr 100.000, Norges Idrettsforbund kr 50.000 i 2016 og kr 50.000 i 2017 (mot søknad frå Hordaland idrettskrets), Haukeland Universitetssjukehus kr 50.000 og SK Brann arbeider med å overføre restmidlar frå sitt moglegheitsstudie. Dette betyr at det er minst kr 400.000,- til rådvelde i prosjektet på kort sikt.

For Haukeland Universitetssjukehus vil deira del i ev campus samarbeid vere kompetansebygging og generelt FoU samarbeid. Når det gjeld areal er det primært Energisenter for barn og unge som vil vere deira samarbeidsarena slik dei ser det no.

Vedtak:

1. Styringsgruppa sett av kr 250.000 til gjennomføring av moglegheitsstudie som mellom anna viser alternative modellar. Utgreiinga skal vere ferdig i løpet veke 31. Dvs at oppdragsskildring må på plass innan 01. juli
2. Hordaland fylkeskommune vil utarbeide kravspesifikasjon og vere formell oppdragsgjevar

#### 1.7 Vegen vidare v/ fylkesordførar Anne Gine Hestetun

Vedtak:

1. Arbeidsgruppa skal vere ferdig med si utgreiing primo oktober 2016. Dette for at prosjektet kan vere med i HFK si handsaming av budsjettet for 2017 i Fylkestinget i desember.

- 
2. Neste møte i styringsgruppa: Torsdag 06.10.16 kl 09-12, Haukeland Universitetssjukehus, Energisenter for barn og unge.